



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 12.03.2019

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 28.02.2019

Møtetid: kl. 10:00

Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

Tilstades:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Vidar Myren, Geir Ytredal, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Runar Matsui-Li, Solveig Norevik, Øyvind Rømo.

Meldt forfall:

Marte Igelkjøn, Sølvi Gunn Kalstad.

Kopi av møteboka går til:

Hilde Ullebø Thabayan, Lillian Hommedal, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Jarle Berge, Gunnbjørg Rosvold Friis, Ingrid Aven, Bodil Førde, Frode Merkesvik, Andreas Ester, Geir Sørebo, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Toril Lange, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.

Til saklista kom det inn to ekstra meldingssaker: Anbudsutlysning slått og vedlikehald på gravplassane, og samarbeidsavtale med Balestrand sokneråd. Møteboka vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

000010 Soknepresten har ordet

Soknepresten las søndagens tekst, og delte nokre tankar om den.

000011 Rekneskapsrapport 2019

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet.

000012 Anbudsutlysning slått og vedlikehald på gravplassane

Arbeidet er lyst ut som ein open anbuds konkurranse, med anbudsfrist 20. mars 2019. Anbudsåpning blir halde på Høyanger kyrkjekontor 21. mars 2019 kl. 12.00. Avtaleperioden er på tre år.

000013 Samarbeidsavtale med Balestrand Sokneråd

Det vil bli inngått ein samarbeidsavtale som sikrar at innbyggjarane i Nesse krins, etter kommunereguleringa i 2020, ikkje får meirkostnader dersom dei framleis vil gravleggjast på Sæle kyrkjegard, eller ynskjer å få kyrkjelege tenester i Sæle kyrkje slik som tidlegare.

Vedtaksaker

Sak 006/19 GODKJENNING AV REKNESKAP 2018

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen 2018, og avventar revisjonen sin rapport.

Sak 007/19 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2018

Vedtak:

Årsmelding 2018 vert godkjent.

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje

Høyanger kommune

Stabseining økonomi

Dato: 21.2.2019
Notat frå: Ingvar Linde
Notat til: Bjørnar Otterstein
Kopi: Rådmann
Revisjon

RAPPORT - REKNESKAP 2018 FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OG SOKNERÅDA

Frå og med desember 2004 har kyrkjekontoret stått for den daglege rekneskapsføringa sjølv, men frå november 2018 har stabseining økonomi også stått for føringa av bilaga.

Stabseining økonomi har effektuert alle utbetalingar, vidare stått for diverse avstemmingar/kontrollar, årsavslutning rekneskap og rapportering. Refusjonskrav for momskompensasjon er sendt Skatteetaten via Altinn og godkjent av revisor. Lønn er ført at kommunen sitt lønnskonto som og har stått for pliktige rapporteringar.

1. DRIFTSREKNESKAPEN

Generelt

Driftsrekneskapen har følgende ansvar:

100 Høyanger kyrkjelege fellestråd
200 Høyanger sokneråd
300 Kyrkjebø sokneråd

Etter regelverket skal sokneråda setta opp eigne fullstendige rekneskap, men for enkelheitsskuld og fordi sokneråda har felles bankkonto med fellestrådet, er sokneråda sine rekneskap utskilt ved at dei er ført på eigne ansvar. Det blir skrivne ut eigne resultatrapportar for fellestrådet og sokneråda, men balansen er felles der sokneråda sine eigenkapitalar står som bundne fond. Tidlegare år har desse fonda stått som disposisjonsfond, men er i 2018 flytta til bundne fond, dette fordi midlane ikkje er til disposisjon for fellestrådet. Denne endringa har sjølv sagt ingen betydning for sokneråda sin disposisjon over pengane.

Ansvar 100 er oppdelt i ulike tenester og stader. Hovudinndelinga følger tidlegare ansvarsoppbygging, her representert ved følgende «samletenester» (merka *):

041* Kyrkjeleg administrasjon
042* Kyrkjene
043* Kyrkjegardar og gravplassar
044* Andre kyrkjelege formål

KF sine driftsarter har talet 3 som første siffer, 4 er første siffer i investering og 5 i balansen. Rapportering vidare til sentralt nivå blir på same måten som for kommunane, filbasert overføring av data til SSB.

Fagansvarleg sin konklusjon/vurdering av KF sin økonomiske status og resultat (drift):

Rekneskapen for fellestrådet er saldert med eit netto driftsresultat på kr 83 313 som utgjør 1,5% av driftsinntektene. Av budsjettet går det ikkje fram bruken av fjordårets mindreforbruk eller anna bruk og avsetting til fond. Investeringsbudsjett er heller ikkje sett opp sjølv om det var planar om å slutføra orgelprosjektet på Kyrkjebø og gjennomføra diverse andre mindre investeringar som er rekneskapsført med ein kostnad på 1,8 mill. Sjølv om det ikkje er sett opp eit investeringsbudsjett har vi valt å finansiera investeringane med tilgjengelege midlar.

2. DRIFTSREKNEKAPEN

Sum driftsutgifter er litt i overkant av budsjett, men driftsinntektene er og over budsjett slik at brutto driftsresultat er 103 tusen bedre en budsjett.

Årets netto driftsresultat på 83 313 og fjorårets mindreforbruk på 187 519 er vesentleg gått til å dekke meirkostnader i investeringsrekneskapen, der vi har overført 253 728. Årets mindreforbruk er etter dette 17 104.

3. INVESTERINGSREKNEKAPEN

Rekneskapsskjema Investering, gir ei oversikt over transaksjonane i investeringsrekneskapen.

I 2018 er prosjektet nytt orgel i Kyrkjebø kyrkje slutført der årets kostnad er 1,2 mill. tillegg er det opparbeidd ny parkeringsplass for 271 tusen og gjennomført malingsarbeid for 375 tusen i og ved Kyrkjebø kyrkje. I tillegg er det bokført eigenkapitaltilskot KLP på 19 705. Dette gav eit samla finansieringsbehov på 1 868 700,- som er finansiert med 700 000 i investeringsmidlar frå kommunen, udisponerte midlar frå 2017 på 336 298, bruk av fond på 29 341 og resten 253 728 med overføring frå driftsrekneskapet.

PRESENTASJON AV REKNEKAPEN, STATISTIKK

Etter det ein kan sjå, skal følgande rekneskapsmateriale leggst fram:

1. Rekneskapsskjema Drift
2. Rekneskapsskjema Investering
3. Balanserekneskap
4. Noter til rekneskapen

Stabseining økonomi vil foreta innsending av KOSTRA-statistikk til SSB så snart revisjonen har godkjent rekneskapen.

I tillegg er det med Rekneskapsskjema Drift for Høyanger sokneråd og Kyrkjebø sokneråd.

Med helsing

Ingvar Linde

Økonomisjef

Tlf. 57 71 15 53 Mobil: 950 62 928

E-post: ingvar.linde@hoyanger.kommune.no



Høyanger kommune
eld krati vart



Regnskapsskjema - Drift

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2018 - Ansvar: 100 Høyanger kyrkjelege fr

21.02.2019

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	660.792,70	444.200,00	444.200,00	553.426,25
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	327.737,02	268.190,00	268.190,00	342.274,19
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	280.000,00	280.000,00	280.000,00	280.000,00
Statlige tilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	4.165.000,00	4.135.000,00	4.135.000,00	4.150.000,00
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	49.120,74	60.000,00	60.000,00	55.465,37
Sum driftsinntekter	5.482.650,46	5.187.390,00	5.187.390,00	5.381.165,81
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	2.761.869,37	2.830.245,00	2.830.245,00	2.781.734,76
Kjøp av varer og tjenester	1.901.372,36	1.703.755,00	1.703.755,00	1.800.712,42
Refusjoner/overføringer	409.604,82	349.190,00	349.190,00	312.516,39
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	280.000,00	280.000,00	280.000,00	280.000,00
Tilskudd og gaver	56.906,24	54.200,00	54.200,00	54.200,00
Sum driftsutgifter:	5.409.752,79	5.217.390,00	5.217.390,00	5.229.163,57
Brutto driftsresultat:	72.897,67	-30.000,00	-30.000,00	152.002,24
Renteinntekter og utbytte	10.562,00	30.000,00	30.000,00	40.523,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	146,00	0,00	0,00	5.006,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	10.416,00	30.000,00	30.000,00	35.517,00
Avskrivninger	182.849,00	144.729,00	144.729,00	156.704,00
Motpost avskrivninger	182.849,00	144.729,00	144.729,00	156.704,00
Netto driftsresultat	83.313,67	0,00	0,00	187.519,24
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	187.519,24	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	187.519,24	0,00	0,00	0,00
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsregnskapet	253.728,66	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	253.728,66	0,00	0,00	0,00
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKI	17.104,25	0,00	0,00	187.519,24
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUC	0,00	0,00	0,00	0,00



Regnskapsskjema - Investering

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2018

19.02.2019

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i anleggsmidler	1.848.995,97	0,00	0,00	1.593.169,93
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter, låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	19.705,00	0,00	0,00	14.350,00
Avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Årets finansieringsbehov	1.868.700,97	0,00	0,00	1.607.519,93
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner	549.332,79	0,00	0,00	138.620,80
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd til investeringer	700.000,00	0,00	0,00	1.700.000,00
Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	1.249.332,79	0,00	0,00	1.838.620,80
Overført fra driftsregnskapet	253.728,66	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	365.639,52	0,00	0,00	105.198,00
Sum finansiering	1.868.700,97	0,00	0,00	1.943.818,80
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	336.298,87



Regnskapsskjema - BALANSE

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2018

19.02.2019

	Regnskap 2018	Regnskap 2017
EIENDELER:		
Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	18.247.098,15	16.580.951,18
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	133.925,00	114.220,00
Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	594.703,24	413.126,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	395.599,51	1.211.122,39
SUM EIENDELER:	19.371.325,90	18.319.419,57
EGENKAPITAL OG GJELD:		
Egenkapital		
Disposisjonsfond	74.473,39	230.223,59
Bundne driftsfond	195.301,39	15.584,00
Ubundne investeringsfond	0,00	13.756,65
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)	17.104,25	187.519,24
Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskapet	0,00	336.298,87
Udekket i inv.regnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	18.381.023,15	16.695.171,18
Gjeld		
Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	703.423,72	840.866,04
SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	19.371.325,90	18.319.419,57
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Kyrkjeleg felle råd - rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskapa til KF er utarbeidd i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning i kirken og god kommunal rekneskapskikk, i den grad det passer. All tilgang og bruk av midlar gjennom året som vedkjem KF si verksemd, framgår av driftsrekneskapa eller investeringsrekneskapa. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapa, anten dei er betalt eller ikkje. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert eit anslått beløp registrert i årsrekneskapa.

FELLES BALANSE MED HØYAGER SOKNERÅD OG KYRKJEBØ SOKNERÅD

Av praktiske årsaker er rekneskapa for Høyager sokneråd og Kyrkjebø Sokneråd ført i same "selskap" som Fellesrådet. Det er i bevilgningsrekneskapa skilt med at ansvar 100 gjeld Fellesrådet medan sokneråda har 200 og 300. Balansen er felles med felles bankkonto, men sokneråda si eiga er skilt ut på eigene disposisjonsfondskont

OVERSIKT NOTER:

Note nr.	Note - type/tekst	
	Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering	
1	Kyrkjeleg felle råd sine pensjonsforpliktingar m.v.	
2	Aksjer og andelar	
3	Avsetjingar/bruk av avsetjingar	
4	Varige driftsmidler (anleggsmidler)	
5	Oversikt over transaksjonar ført mot kapitalkonto	

Note 1 - Kyrkjeleg fellestråd sine pensjonsforpliktingar m.v.

Kyrkjeleg fellestråd dekkjer sine pensjonsforpliktingar for dei tilsette etter avtale med Kommunal Landspensjonskasse - KLP.

KF utgiftsfører betalt pensjonspremie i samsvar med reglar for kyrkjeleg fellestråd

Forsikringstaker : 05447-001 Høyanger Kyrkjelege Fellestråd

Nøkkeltallene for Høyanger Kyrkjelege Fellestråd er :

	2 018	2 017
Innbet. premie/tilskudd inkl adm	427 526	335 091

Innbetalingen av premie/tilskudd, fratrukket 2% trekk for ansatte, er det som føres som pensjonsutgift i regnskapet.

Innbetalt premie omfattar og ein servicepensjon (lukka avtale) med 1 865,-

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2 018	2 017
Brutto påløpt forpliktelse	8 178 103	6 066 362
Pensjonsmidler	6 941 148	4 973 549
Netto pensjonsforpliktelse	1 236 955	1 092 813

Økonomiske forutsetningar	2 018	2 017
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %
Forventet lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
Forventet G-regulering	2,97 %	2,97 %
Forventet pensjonsregulering	2,20 %	2,20 %
Forventet avkastning	4,50 %	4,50 %

Det er anvendt KLPs standard forutsetningar for dødelighet, uførhet og framtidig AFP-uttak og frivillig avgang.

Medlemsstatus	01.01.2018	01.01.2017
Antall aktive	8	8
Antall oppsatte	7	7
Antall pensjoner	8	9

Det er 100% utjevning på AFP 62-64 og 100% utjevning på AFP 65-66.

Note 2 - Aksjer og andelar

Aksjer/andelar	2018	2017	2016
Eigenkapitalinnskott KLP	kr 133 925	kr 114 220	kr 86 978

Innbetalt eigenkapitalinnskott 2018:

kr 19 705

Note 3 - Avsetjingar og bruk av avsetjingar

Samla avsetjingar/bruk av avsetjingar i året	2018	2017	2016
Disposisjonsfond	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-74 473,39	-74 473,39	-
Avsetjing til fond	-	-	74 473,39
Bruk av fond			
Saldo pr. 31.12	-74 473,39	-74 473,39	-74 473,39
Bundne driftsfond	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-15 584,00	-15 584,00	-
Avsetjing til fond	-	-	15 584,00
Bruk av fond	15 584,00	-	-
Saldo pr. 31.12	-	-15 584,00	-15 584,00
Mindre forbruk	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-187 519,24	-	-254,18
Avsetjing til fond	17 048,89	187 519,24	-
Bruk av fond	187 519,24	-	254,18
Saldo pr. 31.12	-17 048,89	-187 519,24	-
Investeringsfond	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-13 756,65	-13 756,65	-13 756,65
Avsetjing til fond			
Bruk av fond	13 756,65		
Saldo pr. 31.12	-0,00	-13 756,65	-13 756,65
Udisponert i investering	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-336 298,87	-105 198,00	-
Avsetjing til fond		336 298,87	105 198,00
Bruk av fond	336 298,87	105 198,00	
Saldo pr. 31.12	-	-336 298,87	-105 198,00
Fond Høyanger sokneråd 55699700 - 1610	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-116 961,57	-109 093,79	-109 540,92
Avsetjing til fond		7 867,78	
Bruk av fond	8 820,26		447,13
Saldo pr. 31.12	-108 141,31	-116 961,57	-109 093,79
Fond Kyrkjebø sokneråd 55699700 - 1611	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-38 788,63	-38 236,75	-44 180,88
Avsetjing til fond	48 371,45	551,88	-
Bruk av fond			5 944,13
Saldo pr. 31.12	-87 160,08	-38 788,63	-38 236,75
TOTALSUMMAR FOND	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Saldo pr. 01.01	-783 382,35	-356 342,58	-167 732,63
Avsetjing til fond	65 420,34	532 237,77	195 255,39
Bruk av fond	561 979,02	105 198,00	6 645,44
Saldo pr. 31.12	-286 823,67	-783 382,35	-356 342,58

Note 4 Varige driftsmidler - anleggsmidler

1. Bokført verdi pr. 31.12.2017

	00ÅR	20ÅR	50ÅR	50ÅR ORGEL	Sum
Akkumulert anskaffelseskost pr. 01.01.17	8 218 915	481 104	7 665 998	1 414 745	17 780 762
Akkumulerte/reverserte nedskrivninger	-	-	-	-	-
Akkumulerte ordinære avskrivninger pr. 01.01.17	-	-	-1 143 597	-56 214	-1 199 811
Bokført verdi 01.01.17	8 218 915	481 104	6 522 401	1 358 531	16 580 951
Tilgang i året	271 904	-	375 000	1 202 092	1 848 996
Avgang i året	-	-	-	-	-
Delsalg i året	-	-	-	-	-
Årets ordinære avskrivninger	-	-24 055	-153 320	-5 474	-182 849
Årets nedskrivninger	-	-	-	-	-
Årets reverserte nedskrivninger	-	-	-	-	-
Bokført verdi 31.12.17	8 490 819	457 049	6 744 081	2 555 149	18 247 098

00ÅR = Gravplassar og tomtar

20ÅR = Fast teknisk utstyr og ringeanlegg

50ÅR = Kyrkjer

50ÅR ORGEL = Kyrkjeorgel

Note 5 - Oversikt over transaksjonar ført mot kapitalkonto




Kontotekst	2018	2017	2016
Kapitalkonto 01.01	-16 695 171	-15 244 355	-14 596 032
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-1 848 995	-1 593 170	-491 250
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	182 849	151 230	139 255
Tilbakeført avskrivning gravplassar	-	-	-
Aktivering av utstyr m.v.	-	-	-288 910
Sal av utstyr			
Oppskrivning av utstyr			
Av- og nedskrivning av utstyr m.v.		5 474	5 474
Eigenkapitalinnskot KLP	-19 705	-14 350	-12 892
Balanse kapital 31.12	-18 381 022	-16 695 171	-15 244 355

Note 6 - Vesentlege postar og transaksjonar

Kortsiktige fordringar omfattar tilgode momskompensasjon med kr 858 610

Årsmelding 2018

Høyanger Kyrkjelege Fellestråd



GUDS ORD DET ER VÅR FEDREARV,
TIL BORN I SKAL DET GANGA.
DEN ÆTT SOM KJEM, LIK DEN SOM KVARV,
VED ORDET TRUTT SKAL HANGA.
GUD GJEV OG OSS DEN ROS,
DITT ORD DET ER VÅRT LJOS!
SÅ LENGE VERDI STEND,
DET LYSE I VÅR GREND,
SOM ÆRVEGULL I ÆTTI!

GENERELT OM DRIFTSÅRET 2018

Den kommunale driftsløyvinga for 2018 var kr. 4 135 000. Dette utgjer 75 % av fellesrådet sine totale inntekter, som var på kr. 5 482 650. Kalkulatorisk verdi av kommunal tenesteyting kjem i tillegg med kr. 280 000.

Fellesrådet sine øvrige inntekter kom frå festeavgifter kr. 478 625, momsrefusjon drift kr. 305 864, gravstell kr. 104053, konfirmantbetaling 48 320, renteinntekter kr. 10 562, mens gåver til Helgestunder kom opp i 46 415, ein nedgang på ca. 10 000 frå året før. Vi vil takke for alle små og store bidrag til drifta av kyrkjelydsbladet, det gjev inspirasjon og lyst til vårt vidare arbeid!

I 2018 var kyrkjetenar Heike Müller på kurs for verneombod, og kyrkjevevja var på HMS kurs for leiarar i Førde. Sekretæren ved Høyanger kyrkjekontor vart sjukmeld i desember, og for tida er stillinga vakant, men vi jobbar med å få inn ny sekretær som vikar.

Lønsutgiftene i 2018 utgjorde kr. 2 675 624, mot budsjettert 2 830 245. Eit mindreforbruk på kr. 154 621, mellom anna pga. mindre pensjonskostnader og mindre kjøp av kyrkjemusikalske tenester frå andre kommunar. Straumutgiftene i 2018 utgjorde kr. 211 538, mot budsjettert 156 500. Eit meirforbruk på kr. 55 038,-. Til kyrkjevedlikehald vart det i 2018 løyvd kr. 700 000.

Høyanger kyrkjelege fellesråd gav i 2018 høyringsfråsegn om ny kyrkjeordning, og fråsegn i spørsmål om grensejustering med Balestrand.

I fellesrådsmøte den 29.11.2018 vart Audun Digranes attvald som leiar i fellesrådet, og Irene Aase Aarseth vart attvald som nestleiar.

Kyrkjemusikkplan

I 2018 vart det utarbeidd ein felles kyrkjemusikkplan for heile Høyanger kommune. I tråd med denne planen starta kantor opp eit kantorikor i Lavik som har fått positiv mottaking, og dette koret har heile kommunen som nedslagsfelt. Kantor har også heile kommunen som arbeids- og ansvarsområde, men når fleire gudstenester foregår samtidig, må vi kjøpe kantortenester frå Gulen eller andre nabokommunar.

Kantorikoret har no 12 medlemmer som kjem frå Høyanger, Lavik og frå Høyanger sørside, og dei har øving i Lavik ein gong i veka. Dei har delteke under gudstenester på Massnes Villmarksmuseum, i Lavik kyrkje og i Kyrkjebø kyrkje. Det er viktig at ein i gudstenesteplanlegginga legg til rette for at kantorikoret kan delta i nokre gudstenester i alle sokna gjennom året. I samarbeid med kantor utarbeider sokneråda sine lokale kyrkjemusikkplanar, og byggjer vidare på dei føringar som ligg i den overordna kyrkjemusikkplanen. Målet er at forsongargrupper, kor og kyrkjemusikk skal spele ei viktig rolle i gudstenesta, og slik bidra til auka kyrkjesøkning i sokna. Kantor held elles på med Mastergrad i orgel, etter fullført Bachelor i kyrkjemusikk ved NTNU i 2016.

Gravplassane

Gjerdet rundt Kyrkjebø gravplass vart vaska og måla to strøk i 2018, ved hjelp av unge arbeidarar. Ved Kyrkjebø gravplass har det i mange år vore for lite parkeringsareal, men i 2018 vart det utvida med 14 plassar, noko som er ei dobling. Heile parkeringsarealet er no asfaltet, og det er målt opp plass for kvart køyretøy. Prosjektet kom på kr. 217 500 eks mva, med tillegg av ervervskostnader og tinglysing.

På Sæbø gravplass kom det opp ein flott vasspost i 2018, laga av Richard Sæle ved Utestasjonen i Høyanger kommune etter ei enkel skisse frå kyrkjevevja. Den pyntar opp!

På Ikkjefjord gravplass vart plenen i 2018 fresa opp for å fjerne mosen, og etterpå tilført både kalk og gjødsel for å få fint grasdekke der. På Ortnevik gravplass vart to store bjørker framfor inngangen til kyrkja fjerna etter vedtak i Bjordal og Ortnevik sokneråd.

På gravplassane i Høyanger kommune, unnateke Ortnevik der Joar Oppedal slår, er det Anleggsgartner Baarøy som har utført slåtten i sommarhalvåret. Dette arbeidet skal no ut på anbod for ein ny treårs-periode. Dette firmaet utfører også gravstellet på dei gravene der vi har stellavtale. I Ortnevik har Ann Iren Østerbø stell for ei grav, elles vert gravstell på sørsida som folk ikkje kan gjere sjølv, ordna gjennom private stellavtalar. På gravfondskonto 3705.25.60277, som vert revidert saman med driftsrekneskapen forøvrig, står det pr. 31.12.2018 kr. 226 602,-

Kyrkjene

Planane for vidare kyrkjevedlikehald dei nærmaste åra ser slik ut:

Beløpa er henta frå Økonomiplanen 2018-2021

2019	600 000	Restaurere glasmaleri i Høyanger kyrkje, + utbetre råteskade på Lavik kyrkje
2020	600 000	Måling Lavik kyrkje, måling av Ortnevik kyrkje innvendig
2021	600 000	Vadheim gravplass, omregulering
2022		Måling Høyanger kyrkje
2023		Nytt gjerde rundt Sæbø gravplass

Kyrkjekontora

Høyanger kyrkjekontor held til i gode kontorlokale, som ligg like ved utestasjonen til Høyanger kommune. Kyrkjekontoret i Lavik held til i gode og eigna lokale.

1. Den norske kyrkja sine medlemmer i Høyanger kommune

	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Medlemmer totalt	3403	3439	3463	3515	3586
Døypte	28/20*	20/8*	26/18*	35/28*	29/22*
Innmelde ekskl. Dåp	0	1	1	0	1
Utmelde	0	1	8	2	8

*Busette i kommunen

2. Leiing

<u>Råd og utvalg</u>	<u>Leiar</u>	<u>Tal medl.</u>	<u>Tal møter</u>	<u>Tal saker</u>
Fellesråd	Audun Digranes	10	6	26
Høyanger Sokneråd	Marte Igelkjøn	5	5	24
Kyrkjebø Sokneråd	Audun Digranes	7	6	39
Lavik Sokneråd	Geir Ytredal	7	6	29
Bjordal/Ortnevik S.R.Øyvind Rømo		7	6	79

3. Endringar i personellsituasjonen

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Kva endring</u>	<u>Verknad frå</u>
Reinhaldar Lavik	Josefin Hanevik Nilssen	Slutta	01.09.2018
Sekretær Hø.	Karin Grodås	Sjukmeld/slutta	04.12.2018

4. Fellesrådet sine tilsette

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Stillingsprosent</u>
Kyrkjevevjerje	Bjørnar Otterstein	100%
Sekretær Hø.	Karin Brita Grodås	60%
Kantor Hø.	Gerda Otterstein	100%
Kyrkjet./Reinh Hø.	Heike Müller	45,6%
Klokkar Hø	Heike Müller	7%
Sekretær sokneråda	Vakant (Kyrkjevevjerja er sakshandsamar)	15%
Kyrkjetenar Ky.	Irene Aase Aarseth	24,3%
Klokkar Ky.	Irene Aase Aarseth	7%
Klokkar/kyrkjet.Va.	Irene Aase Aarseth	7%
Kyrkjetenar La.	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(11%)
Klokkar Lavik	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(7%)
Kyrkjetenar Bjo.	Norvald Bjordal	11,9%
Klokkar/Sekrt. Bjo.	Ann Iren Østerbø	9%
Kyrkjetenar Ort.	Joar Oppedal	15,9%
Klokkar Ort.	Ann Iren Østerbø	5,5%
Reinhaldar Lavik	Josefin Hanevik Nilsen. Til 30.08.2018	4%
Reinhaldar Lavik	Alice Hanevik Frå 01.09.2018	4%
Sum		<u>4,0 løna årsverk</u>

Kyrkjelydspeagog Toril Lange er ikkje med i stillingsoversikta, fordi ho har Hyllestad sokneråd som arbeidsgjevar. Hennar stillingsdel i Høyanger er 50 %, som vi refunderer ein viss del av.

5. Eigedommar / Areal

Høyanger kyrkje

Kyrkja er i bra stand etter oppussinga i samband med 50 årsjubileet i 2010. Men på grunn av fuktinntrenging i korveggen, er det oppstått vesentlege rustskadar i stålramma som glas-maleriet i korveggen står i. Nokre ruter er sprekt, og det trekkjer kaldluft inn rundt konstruksjonen. Dette vil bli ei stor og kostbar sak å få utbetra. Pianoet i kyrkja vart reparert og stemt i 2018. Også orgelet fekk service etter 15 år, og det vart stemt. I samband med dette arbeidet vart det oppdaga sprekker og luftlekkasjer i orgelet som følge av tørkeskader. Det må innhentast prisoverslag og leggjast ein plan for utbetring av desse skadane. Som eit første tiltak bør det kjøpast inn ein ny og betre luftfuktar ved orgelet. Det bør også innhentast tilbod for installering av registreringsmaskin på orgelet, for å kunne nytte kapasiteten fullt ut.

Kyrkjebø kyrkje

Kyrkja er i god stand etter at den i 2018 vart måla utvendig av målarfirmaet Gunnarsson, som jobba raskt og effektivt. Heile prosjektet kom på kr. 300 000.

Restaureringa av det engelske Henry Jones orgelet frå 1868 som vart valgt til Kyrkjebø kyrkje var ferdig på nyåret 2018, og det utrangerte orgelet frå Vestlandske Orgelverksted vart rive og transportert til Polen. Etterpå vart golvet på galleriet i kyrkja rive opp og bjelkelaget forsterka, før ein la nytt golv heilt fram til gallerirekkverket. Det medførte at rekkverket måtte påbyggast med to bordgangar for å få nødvendig sikker høgde, og dette arbeidet vart utført av firmaet O.D. Bygg. Også forsterkning av fundamentet til eine søyla under galleriet vart utført av dette firmaet, på ein flott måte.

Den 17. april kom det nyrestaurerte Henry Jones orgelet til Kyrkjebø, og vart bore inn same dag. Neste dag starta monteringsarbeidet, som gjekk svært raskt. Allereie 25. april var orgelet ferdig montert, og stemming og intonering kunne starte. Dette vart også fullført på svært kort tid, og orgelet vart teke i bruk første gong til konfirmasjonen den 13. mai 2018. Det vart så halde en flott orgelkonsert den 25.08. Orgelbyggjar Feenstra skal etter avtale kome attende våren 2019 og føreta eittårsservice, ny stemming og intonering av det flotte instrumentet, som kom på kr. 1 862 000 + mva. Jubileumskomiteen for Kyrkjebø kyrkje sitt 150 års jubileum har fått skrive og utgitt eit flott jubileumsskrift, som no er til salgs for kr. 100,-.

Når det gjeld brannvarslarsystemet med aspirasjonsdetektor i Kyrkjebø kyrkje, så er det forelda og dårleg. Dette må skiftast.

Lavik kyrkje

Kyrkja er i god stand, men taklekkasje som vart oppdaga i 2017, må utbetrast snarast råd i 2019.

Bjordal Kyrkje

Kyrkja er i god stand. Den vart måla utvendig i 2016, 10 år etter førre gang. Bårehuset treng vask og måling. Kyrkjegardsgjerdet vart måla i 2013. Bjordal kyrkje fekk ny løpar i midtgangen og koret i 2016. Har fått rullestolrampe i 2016. Bjordal kyrkje fekk ringemaskin i 2017.

Ortnevik kyrkje

Kyrkja vart måla utvendig i 2016. Den vart sist måla i 2003. Innvendig har kyrkja behov for oppussing ettersom måling flassar av mange stader. Ortnevik kyrkje manglar rullestolrampe og handipectolett. Ringemaskin kom på plass i 2017.

Andre Bygningar

Vadheim Bedehus	Huset er i bra stand. Manglar ringemaskin. Fellesrådet yter tilskot.
Bårehus Lavik	Bygget er i god stand. Septiktanken vart reparert i 2016.
Bårehus Bjordal	Bygget er i god stand, men må vaskast og målast?
Klokketårn Tunga	Klokketårnet vart pussa opp og måla i 2014. Nytt tak og golv i 2017.
Kontor Høyanger	Det nye lokalet i Dalevegen 4 er i god stand.
Kontor Lavik	God standard.
Kyrkjelydshus Ky.	God standard. Økonomi er vanskeleg etter oppussing m.m.
Klokketårn Ikjefjord	Vart oppussa i 2010. Bygget er i god stand, men utsett for vindskade.
Klokketårn Vadheim	God standard. Fekk montert lyspunkt i 2017.

6. Økonomi

	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Kommunal løyving	4 135 000	4 150 000	4 040 000	3 942 000	3 790 000
Tenesteytingsavtale	280 000	280 000	280 000	280 000	280 000
Sum Løyving	4 415 000	4 430 000	4 320 000	4 222 000	4 070 000

Rekneskapsresultat

	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Nto. Driftsresultat:	+83 314	+187 519	+89 803	+135 472	-341 383

Netto driftsresultat, saman med aktivert overskot kr. 187 519 frå tidelegare år, utgjer kr. 270 833. Av dette er kr. 253 729,- brukt til dekning av investeringskostnader 2018. Dei resterande midlane, kr. 17 104,25 er sett av på fond til fellesrådet sin disposisjon.

7. Gudstenesteliv / Kyrkjelege handlingar

	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Gudstenester	95	91	115	111	106
Frammø.Gjsn.	64	61	57	63	60
Gudst. M/nattv.	37	40	59	52	51
Gjsn. Nattvdelt	9,5	10,5	15	13	11,5
Døypte	28	20	26	35	29
Vigsler	1	7	3	9	2
Gravferder	41	40	42	49	54
Konfirmerte	42	48	44	52	61

8. Positive trekk og utfordringar

HKF har fått gjennomført mykje dei siste åra. Fleire store prosjekt er gjort ferdige. Høyanger kommune viser gjennom tildelingane sine at dei verdset det arbeidet som vert gjort i kyrkja. Vedlikehaldsplanane, og at dei vert godt følgde opp, er med på å ta vare på verdiane ein forvaltar.

Samla sett viser statistikken at besøkstala på dei «vanlege» gudstenestene er stabile. Det kan kanskje vere ønskjeleg med fleire deltakarar, men det er noko sokneråda kontinuerleg arbeider med. Nokre innslag og aktivitetar er med å trekkje folk, spesielt når frivillige og barn er med. Dette må ein bygge på og utvikle vidare. Aktivitetane i kyrkjelydane endrar seg med tida og nye ting vert prøvde ut. Det er gjennom samarbeid mellom dei tillitsvalde, dei tilsette og dei frivillige at kyrkja utviklar seg. Det er viktig at fellesrådet støttar sokneråda i arbeidet deira. Mange frivillige medarbeidarar gjer ein stor innsats i råd og utval, som deltakarar for å skape gode samværsformer, og for å få til eit godt gudstenesteliv der folk får omsorg og kjærleik. Fellesrådet vil gjerne takke alle for innsatsen i 2018.

Høyanger 28.02.2019

Audun Digranes

Bjørnar Otterstein